

Ivrige unge fiskarar!

28.06.2016



Lars Jostein, 9,5 år, fekk denne flotte laksen på morgonkvisten i dag.

Det er ikke mange born og ungdommar å sjå på fiske langs elva, men nokre unntak er det. Akkurat no er det ein ivrig unggut på 9 1/2 år som er den som har fått største fangsten i elva denne sesongen. Lars Jostein Almås som bur saman med familien på Øyro Camping, har tidlegare fått to flotte laksar, og i dag tidleg landa han den tredje.

Laksane han fekk for nokre dagar sidan vog 3,3 og 3,6 kg, og i dag fekk han ein rugg på 5,6 kg. Det er største fisk som er teken til no i år i Uskedalselva. Rett nok måtte Lars Jostein ha hjelp av faren til å få fiskane på land.

- No er han blitt så flink at vi er einige om at neste gong skal han prøva å få den på land åleine, seier faren, Jostein Almås, ivrig fiskar som har landa mange storfiskar i Uskedalselva gjennom åra. Dette året er det imidlertid junior som er i leiinga!

Også søster til Lars Jostein, Frida (14 år), likar å vera med på fiske. Dette året har det blitt mindre fangst på henne. Men spenninga har ho opplevt. I dag tidleg hadde ho ein storfisk på. Dessverre fekk ho den ikkje på land.

Fiskane kjem ikkje av seg sjølv til Lars Jostein heller. Han er svært ivrig og brukar mykje tid i elva.

- I dag vekte han meg klokka 6, og då ville Frida også vera med, fortel faren og legg til at det ikkje er alltid det er like lett å få dei til å stå opp.

Interessa for fisket er skapt gjennom mange år. Både Frida og Lars Jostein byrja å vera med faren på fisketurar alt i 3 - 4-årsalderen. På turane la dei inn andre aktivitetar, som smiing med kniv innimellan fiskinga. Godteri hadde dei og med seg.

- Det er viktig at dei kosar seg på tur, seier Jostein som sjølv erfarte at turar med morfaren var viktige for fiskeinteressa han har hatt så mykje glede av seinare i livet.

Det er ikke berre i elva ungane fiskar. I fjor låg til dømes Lars Jostein mykje på kaien og fiska stinta og krabbe.

Jostein Almås synes han møter på få born som fiskar i elva. Han oppfordrar foreldre og besteforeldre å ta dei med alt frå dei er 4 - 5 år. Når dei er 12 år, er det for seint. Særleg kan besteforeldre, som ofte er pensjonistar, ha mykje glede av dette. Almås har fleire gode råd:

- La dei få skikkeleg utstyr. Lett fiskestang med skikkeleg snelle og sen med små anglar, er viktig for at dei ikkje skal gå lei. Dei må ha utstyr til å få skikkelege fiskar, seier den erfarte fiskaren, og minner om at ein ikke må gløyma kosepausane.

Leiar i eleveigarlaget Anbjørn Høivik kan fortelja at dei snakka om ting som kan motivera og læra opp unge til fiske i elva. Han understrekar at det er gratis for dei under 18 år til å fiska i elva, men dei må registrerast som fiskarar og meldha inn fangst.

- Vi er interessert i at elva vert brukt. Uerfarne born bør ha med seg ein vaksen slik at dei kan få opplæring i fiske på ein god og forsvarleg måte, og eg er heilt samd i at dei bør starta i ung alder, avsluttar elvelagsleiaren.



Frida Almås fekk denne store fisken då ho var berre 4 år.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Thor Inge Døssland og privat foto.